

aardal



Fin utsikt. **Lys framtid.**
Velkommen til Årdal

www.greateraardal.com





*Livskvalitet handlar ikkje om overleving.
Det krev høgare ambisjonar.
Slik tenkjer vi i Årdal.*




Industribygda som valde vekst

Årdal ligg lengst inne i Sognefjorden og dannar porten til Jotunheimen frå vest. Omlag 5600 innbyggjarar bur i dei to tettstadane Øvre Årdal og Årdalstangen. I over 60 år har aluminiumsverket vore hjørnesteinsbedrifta i kommunen. I 2007 føretok Hydro Aluminium ein overgang til ny og meir miljøvennleg produksjonsteknologi, noko som førte til reduksjon i tal tilsette ved verket. Omstillingsmidlar, godt samarbeid og offensiv tenking førte til at Årdal kom ut av denne omstillingsprosessen med fleire arbeidsplassar og eit endå meir moderne næringsliv der forskning og høgteknologi er sentralt.

Årdal er eit samfunn av kontrastar. Det er eit urbant og moderne industrisamfunn som ligg ideelt til for aktivt friluftsliv og rekreasjon i ein storslått og mektig natur.

www.greateraardal.com





Teknologisk knutepunkt

Årdal er ei bygd i forkant av ei industriell teknologisk utvikling, både nasjonalt og internasjonalt. Tradisjonar byggjer vidare på store og slagkraftige teknologiske miljø i nye spennande fagfelt innan moderne industriproduksjon, primæraluminium, solcelleproduksjon og vasskraft. Teknologimiljøet i Årdal har fokus på overføring av kunnskap frå forskning til praktisk bruk og produkt.





Livskvalitet

Årdal kombinerer bykultur med aktivt friluftsliv og rekreasjon i fantastisk natur. Her har vi godt utbygde idrettsanlegg for trening, turnering og konkurranse. Her finst fleire idretts-hallar, ridehallar, utandørs kunstgrasbaner, motorsportsanlegg og skytebaner. På vinteren når ein lysløyper og skianlegg i Fardalen, Seimsåsen og Filefjell innan 30 minuttar. Årdal har to flotte friluftsbad som blir oppvarma med spillvarme frå produksjonsanlegga til Hydro. Med Jotunheimen som næraste nabo, ligg tilhøva særst godt til rette for avstressande rekreasjon og friluftsliv sommar og vinter.

I regionen har vi både sjukehus, flyplass og høgskule. Ein har det meste innafor ein times reisetid. Det er dette området vi gjerne kallar "Greater Årdal".






Trygt lokalsamfunn

Årdal blei tidleg medlem i WHO Safe Communities. Det vellukka prosjektet Årdal Tenk Tryggleik, eit samarbeid mellom politi, kommune, Hydro, LO og Norsk Folkehjelp med fokus på kontinuerleg utvikling av eit trygt nærmiljø, har gjort Årdal til ein av dei tryggaste plassane i landet å vekse opp i.



www.greateraardal.com

Årdal har moderne og levande sentrum og fekk i 2004 Bymiljøprisen for sitt arbeid med tettstadutvikling.




I Årdal finn ein turistattraksjonar som:

- Utladalen, vill, vakker og porten til Jotunheimen frå vest
- Vettisfossen, er med sitt 275 meter høge, frie vassfall, Nord-Europas høgaste
- Tindevegen, fjellvegen mellom Årdal og Turtagrø (36 km)

Sentral plassering

Årdal er sentralt plassert, midt mellom dei største byane i Noreg
- tre timar til Bergen og 4 timar til Oslo med bil.

www.greateraardal.com



The logo for Aardal, featuring the word "aardal" in a lowercase, sans-serif font. Each letter is a different color: 'a' is red, 'a' is blue, 'r' is green, 'd' is yellow, 'a' is purple, and 'l' is orange.

Foto: Oskar Andersen, Bjørn Bergum, Jonny Asperheim, Hanne Stedje, Øyvind Hegghheim

The logo for Aardal, featuring the word "aardal" in a lowercase, sans-serif font. Each letter is a different color: 'a' is red, 'a' is blue, 'r' is green, 'd' is yellow, 'a' is purple, and 'l' is orange.

Vil du vite meir om Årdal?

Ta gjerne kontakt! Vi står alle til teneste dersom du vil vite meir om det å bu og arbeide i Årdal.

ÅRDAL UTVIKLING

Postboks 126

6881 Årdalstangen

Telefon: 57 66 11 77

E-post: post@ardal-utvikling.no

REISEMÅL ÅRDAL

Postboks 126

6881 Årdalstangen

Telefon: 57 66 30 10

E-post: post@visitardal.no

www.gasta.no



ÅRDAL KOMMUNE Postboks 40 6881 Årdalstangen Telefon: 57 66 50 00 E-post: postmottak@ardal.kommune.no